

Dato:07.08.2008  
Saksnr.:2008/1896  
Løpenr.:17298/2008  
Arkiv:

Sakshandsamar: John Leiv Dahlseng

## TYSVÆR KOMMUNE - EIN FAIRTRADE KOMMUNE?

Saksnr	Utval	Møtedato
135/08	Formannskapet	19.08.2008
84/08	Kommunestyret	23.09.2008

### SAKSUTGREIING:

#### 1. Bakgrunn for saka

I 2007 mottok alle kommunane som er medlemmer av Haugalandrådet oppmoding frå Sauda kommune om å engasjere seg i internasjonalt solidaritetsarbeid gjennom å følgje deira eksempel om å få status som Fairtrade-kommune.

I Rogaland er det til no 2 kommunar som har fått status som Fairtrade-kommunar. Dette er Sauda og Stavanger. Sauda fekk denne statusen i 2006 som den fyrste kommunen i Norge. Utover dette er det og fleire andre Rogalandskommunar som arbeider med å få denne statusen.

#### 2. Kva er ein Fairtrade-kommune

Fairtrade-kommune er ei utnemning for kommunar eller byar som arbeider aktivt med å auke kunnskap til og forbruk av Fairtrade-merka produkt i lokalmiljøet. For å få status som Fairtrade-kommune må kommunen nå ein del grunnkriterier som er sett av Fairtrade Max Havelaar Norge, samt og å drive eit kontinuerlig arbeid som fremmer merkeordninga for etikk og sosial ansvar. Fairtrade-kommune gir ei ramme å arbeide innanfor når det gjeld etisk forbruk, og kan fungere som ei godt springbrett for andre initiativ innan miljø og rettferd.

Konseptet kjem frå Storbritannia, der omlag 150 byer og stader har fått denne statusen og stadig fleire kjem etter. Fairtrade-byane har fått svært stor merksemd i media. Då byen Garstang erklærte seg som den fyrste Fairtrade-byen i 2000, hadde Storbritannia omlag det samme vareutvalget som vi har i Norge i dag, og ei tilsvarende omsetning. Idag er Storbritannia det store førebildet for dei andre landa som har merkeordninga, med omlag 2000 varer og ein omsetnad på omlag 200 millionar pund.

Det er fem grunnleggjande kriterie som må oppfyllest for å få status som Fairtrade-kommune:

- Det må dannas ei lokal styringsgruppe som har ansvaret for å drive arbeidet framover. Styringsgruppa kan bestå av kven som helst i kommunen - jo større bredde jo betre, men det må være ein representant frå kommunen.
- Kommunestyret må gjere vedtak om å støtte Fairtrade, og servere Fairtrade-merka kaffi og te til sine tilsette og på møter.
- Eit utval av Fairtrade-merka produkt må være tilgjenglige for forbrukarar i lokale butikkar og serveringsstader.
- Fairtrade-merka produkt må nyttast i et visst antall lokale bedrifter, skular, kyrkjer og liknande.
- Det skal drivast et aktivt informasjonsarbeid i kommunen.

### **3. Kvifor Fairtrade**

Fairtrade er ei internasjonal merkeordning for rettferdig handel basert på partnerskap, dialog og respekt. I Norge arbeider stiftinga Fairtrade Max Havelaar for å gi småbønder og arbeidarar betre levekår ved å etablere Fairtrade som ein vinn-vinn situasjon for heile handelskjeden. Utvikling handlar om å setje menneske i stand til å ta styring over eigne liv. For å klare dette trengs meir enn berre å dekkje grunnleggjande behov. Det krevs eit samfunn med bærekraftig miljø der bønder har god kunnskap om jordbruk, der arbeidarane kan organisere seg, der dei kan delta i beslutningsprosessar som påverkar eiga framtid og der barn kan gå på skule i staden for å arbeide. Difor er Fairtrade-ordninga etablert for å gi og marginaliserte produsentar høve til å tene på internasjonal handel.

Fairtrade er:

- Konkret arbeid for å gi marginaliserte småbønder og arbeidarar økonomisk og sosial tryggleik, og sjansen til å vere sjølvhjulpel.
- Høve for produsentar og arbeidarar til å ivareta sine rettar og påverke eiga utvikling gjennom deltaking i eigne organisasjonar,
- Mål om meir rettferd internasjonal handel gjennom aktivt arbeid på den globale arenaen.

### **4. Fairtrade Max Havelaar Norge**

Fairtrade Max Havelaar Norge blei stifta i 1997, som eit samarbeidsprosjekt mellom 12 organisasjonar. Dette var Det Kgl. Selskap for Norges Vel, Fremtiden i våre hender, Kirkens Nødhjelp, Handel og Kontor, Norges Bondelag, Redd Barna, Kirkerådet, WWF, Norsk Folkehjelp, Frikirkens Globale Informasjon, Alternativ Handel og Norsk Næring- og Nytelsesarbeiderforbund (NNN).

Målsettinga var å opprette eit eige nasjonalt initiativ for Fairtrade i Norge, slik det etterkvart begynte å bli i mange land. Det var inga enkel sak å etablere ei helt ny merkeordning og få produkta inn i butikkhyllene. Etter hardt arbeid og med hjelp frå ein positiv norsk industri, kunne det nasjonale initiativet for Fairtrade, Fairtrade Max Havelaar Norge, lansere kaffi som det fyrste Fairtrade-merka produktet i norske butikkar.

Etter dette har Fairtrade Max Havelaar utvikla seg kraftig i Norge, med til tider kjempevekst i salet av produkt og fleire nye produktlanseringar. I dag finn norske forbrukarar blant anna Fairtrade-merka kaffi, te, bananar, roser, ris, appesinjuice, sjokolade, vin, sukker og honning i norske butikkar. Stadig fleire nordmenn kjenner til merkeordninga, og trenden er at Fairtrade i Norge berre vil fortsette å vakse.

Fairtrade Max Havelaar Norge fokuserer på to hovudoppgåver:

- Den eine er å arbeide opp mot leverandørar og dagligvareindustrien slik at det kjem fleire Fairtrade-merka produkt inn i norske butikkar. Fairtrade Max Havelaar har ei klar oppfatning av at dette best kan gjerast gjennom positivt samarbeid, og ein har lukkast ved at vi i dag har sterke lisenstakarar som opplever Fairtrade Max Havelaar som ein seriøs og positiv samarbeidspartnar.
- Den andre hovudoppgåva er å drive aktivt informasjonsarbeid for å vise norske forbrukarar at det finnes ei merkeordning for Fairtrade i Norge, og kvifor det er så viktig at vi kjøper desse produkta. Dette blir gjort gjennom samarbeid mellom stiftar- og støtteorganisasjonar, og ved at Max Havelaar Norge sjølv driv informasjonsarbeid. Stadig fleire menneske blir opptatt av korleis deira forbruk påverkar både menneske og miljø.

## 5. Kvifor bør Tysvær kommune bli ein Fairtrade kommune?

Tysvær kommune har tidlegare vedtatt å melde seg inn i "Vennskap Nord / Sør". Denne landssamanslutninga er ein av organisasjonane som står bak Max Havelaar Norge, og å gjera kommunen til ein fairtrade-kommune kan sjåast på som ei konkretisering av denne vennskapen.

Ei slik konkretisering kan, slik rådmannen ser det, også bidra til eit breiare etisk organisasjonsfokus, i godt samsvar med kommuneplanen sine føresetnader om at "Organisasjonen vår skal vere rasjonell, triveleg og etisk orientert". Eit etisk organisasjonsfokus bør ikkje i ei global verd avgrensast til kommunal forvaltningspraksis aleine, men også sjåast i eit større og internasjonalt perspektiv.

## 6. Økonomiske og avtalemessige konsekvensar

Eit av kriteria for å få status som Fairtrade-kommune er at det vert servert Fairtrade-merka kaffi og te i sentraladministrasjonen / på rådhuset, til gjester og i samanheng med politiske møte.

Med bakgrunn i at desse varene kan vere noko dyrare enn dei merka ein brukar i dag, kan vi få litt høgare innkjøpskostnader. Utgifter kommunen har til innkjøp av kaffi / te til Rådhuskantina ligg i dag på mellom kr. 50.000,- og kr. 60.000 pr. år (sal til tilsette og administrative og politiske møte), og som førebels utgangspunkt må ein rekne med at denne kostnaden kan auke med ca 50%. Eit anna utgangspunkt kan vere Sauda, der kommunen sine meirkostnadar i 2007 vart stipulert til ca kr 50.000,- pr. år. Uansett er det snakk om høvesvis små kostnader.

Ved inngåing av rammeavtaler for offentleg innkjøp må Fairtrade-merka varer inngå ved neste reforhandling.

## 7. Veggen vidare

Utgangspunktet for det vidare arbeidet frå kommunen si side er, som alt nemnt, kommuneplanen sine føresetnader om at organisasjonen vår skal ha ei brei etisk orientering, som er slik formulert i sak om Tysvær kommune og internasjonalt arbeid (Vennskap Nord / Sør): *"Vidare skal ein medverke til ei heilskapleg utvikling som ivaretar menneskerettane, fremjar mellomfolkeleg solidaritet, demokrati og bærekraftig utvikling."*

Tysvær kommune skal vere kjent av innbyggjarane, næringslivet, leverandørar, tilsette og andre lokale myndigheiter som ein kommune som målber ein høg etisk standard og som bidrar til bruk av Fairtrade-merka varer som ledd i eit engasjement for å skape ein bærekraftig utvikling.

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtar at Tysvær kommune støttar opp om, og sjølv bidrar til ein strategi for å fremje bruk av Fairtrade-merka varer som ledd i eit engasjement for å skape ei bærekraftig utvikling.

Rådmannen rår vidare til at det blir etablert ei breidt samansett styringsgruppe med folkevalde, tilsette i kommunen, næringslivet i kommunen, kyrkja og andre frivillige lag og organisasjonar som arbeider fram ein strategi for arbeidet i kommunen for å søkje om status som Fairtrade-kommune.

Denne strategien må innehalde dokumentasjon på at Tysvær kommune tilfredstiller kriteria som skal til for å få status som Fairtrade-kommune. Strategien bør leggjast fram til politisk handsaming innan utgangen av februar 2009.

Rådmannen rår til at kommunestyret oppnemner 2 folkevalde som representantar i styringsgruppa og at rådmannen i samarbeid med desse får i oppdrag å sette saman ei breidt samansett styringsgruppe og organisere det vidare arbeidet.

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Tysvær kommunestyre vedtar at kommunen skal arbeide for å få status som Fairtrade-kommune.
2. Tysvær kommunestyre vedtar å oppnemne:

.....

.....

som medlemmer i styringsgruppa for arbeidet.

3. Rådmannen får i samarbeid med dei folkevalde medlemmene i oppdrag å oppnemne øvrige medlemmer i styringsgruppa og organisere det vidare arbeidet.

Arvid S. Vallestad  
rådmann

John-Leiv Dahlseng  
rådgjevar

## **BEHANDLING I FORMANNSKAPET -19.08.2008**

Framlegg frå Svein Terje Brekke (Krf) om medlem til styringsgruppa: John Ragnar Susort (Krf)

Framlegg frå Sigmund Lier (Ap) om medlem til styringsgruppa: Anita Halsnes (Sv)

Formannskapet tilrår samr. at kommunestyret vel John Ragnar Susort (Krf) og Anita Halsnes (Sv) som medlemmer til styringsgruppa.

## **BEHANDLING I KOMMUNESTYRET -23.09.2008**

Vedtak samr.: Formannskapet sitt framlegg blir vedtatt.

## **VEDTAK I KOMMUNESTYRET -23.09.2008**

1. Tysvær kommunestyre vedtar at kommunen skal arbeide for å få status som Fairtrade-kommune.
2. Tysvær kommunestyre vedtar å oppnemne:

John Ragnar Susort (Krf)  
Anita Halsnes (Sv)

som medlemmer i styringsgruppa for arbeidet.

3. Rådmannen får i samarbeid med dei folkevalde medlemmene i oppdrag å oppnemne øvrige medlemmer i styringsgruppa og organisere det vidare arbeidet.

Vedlegg: